



Møre og Romsdal
fylkeskommune

KULTUR- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENTET
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		2023/8706 - 72046/2023	Åshild Widerøe, 71 28 05 02	07.06.2023

Innspel til nasjonal leselyststrategi

Kultur-, næring- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune vedtok samrøystes 6. juni 2023, i sak KNF-30/23 følgjande innspel til den nye nasjonale leselyststrategien slik den er omtalt under.

Innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune til den komande leselyststrategien

Kultur- og likestillingsdepartementet har saman med Kunnskapsdepartementet invitert til å kome med innspel til ny leselyststrategi. Formålet med strategien er å bidra til å snu den negative trenden som viser at mange, spesielt barn og unge, les mindre enn før. Lesing er ei grunnleggande ferdigheit som er nødvendig for vidare utdanning og demokratisk deltaking.

Eiga danning er ei viktig side ved lesing. Det å bli eksponert for andre sine idear skaper kritisk refleksjon knytt til forståing av tekst, avsendarar og deira motivasjon. Lesing er også ei rik kjelde til glede, livsmeistring og personleg utvikling gjennom hele livet. Det å ha positiv haldning til lesing betyr noko for kor godt du les. Leselyst, leseglede og leseevne heng altså nøye saman. Færre barn og unge identifiserer seg som «lesarar», og stadig fleire oppgir at dei aldri eller sjeldan les fordi dei har lyst. Dette er store og viktige utfordringar og ingen kan løyse dette aleine. Ein leselyststrategi kan vere eit godt utgangspunkt for å løyse oppgåva saman og sikre gode kår for lesinga og vidareføre lesetradisjonar også for komande generasjonar.

Lesekultur handlar om meir enn leselyst. For å kunne oppdage gleden over litteratur, må det bli lagt til rette for gode lesevanar, vere tilgang til eit mangfald av litteratur og litteraturen må bli formidla på arenaer og plattformer der barn og unge er. Biblioteka spelar ei sentral rolle i å bygge ein leseskultur, legge til rette for gode leseopplevingar og gi tilgang til eit breitt utval av litteratur.

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner følgjande tre forhold er dei største knytt til lesing og leselyst:

Kampen om merksemda, særleg knytt til digitale flater: Digitale distraksjonar og tidstjuvar, sviktande evne til konsentrasjon og det å halde ut og «multitasking» er kjende problemstillingar som i all hovudsak er knytt til mobil- og skjermbruk. Både forskning og erfaring tyder på at barn og unge i større grad enn tidlegare manglar evne og trening i å fordjupe seg i lengre tekstar over tid. Dette er openberre utfordringar for boka og leselysten sine kår i dag.

Manglande tilgang til attraktiv litteratur: Skulebibliotek og folkebibliotek har ulike rammer. Det gjer tilgangen til litteratur vanskelegare. For lite mangfald og breidde med omsyn til språk, sjanger og format er eit hinder for leselysta.

Færre lesande forbilde og rollemodellar: Overdriven skjermbruk og manglande prioritering av lesing rammar ikkje berre barn og unge, men like mykje vaksne. Derfor er også mangelen på gode lesande forbilde og rollemodellar ein del av utfordringane knytt til leselyst og leseskultur. Viss vi ønsker at barn skal bruke tid på å lese, må også vaksne vise at dei verdset eiga lesing og sette av tid til det.

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at dei tre viktigaste målgruppene for strategien er:

- Barn 0–6 år (førskolealder)
- Større barn og ungdom
- Foreldre og andre vaksne som skal fungere som leseambassadørar og oppmuntre til lesing for lesinga si skuld.

Dei tre viktigaste tiltaka i strategien bør vere:

1. Gjer litteraturen synleg der barn og unge er

Formidling og tilgang til litteratur må vere tilgjengeleg på dei arenaene og plattformene ein treffer barn og ungdom til dagleg. Barn og unge brukar mykje tid på skjerm og dette er ei av hovudutfordringane for lesinga i dag. Dagens barn og unge skil ikkje mellom det digitale og fysiske på same måte som generasjonane før, derfor må litteraturen bli formidla på alle flater. Biblioteka må vere tilgjengelege, synlege og attraktive på nett og kunne tilby eit breitt utval av digitale format på ein enkel og tilgjengeleg måte. Ei felles digital formidlingsløyising for folkebibliotek gir moglegheiter for å nå både nye og etablerte lesarar med lesetips, inspirasjon, og tilpassa opplevingar, og vere med på å utvikle ein lesekultur også i det digitale universet. Vi viser her til vår uttale om etablering av felles nasjonal formidlings-løyising for bibliotek, sendt Kultur- og likestillingsdepartementet og datert 28.04.23.

2. Skap lesekultur ved å styrke biblioteka!

Biblioteka spelar ei sentral rolle i å bygge lesekultur. Å dyrke fram ein lesekultur fordrar samarbeid mellom mange ulike instansar, for eksempel barnehage, helsestasjon, skole, fritid og bibliotek. Her bør det vere tettare koplingar og forpliktande avtalar. Biblioteket kan ta ei meir aktiv rolle i å koordinere samarbeid på tvers og vere ein pådrivar for aktiv formidling både gjennom blant anna barnehagebibliotek, foreldremøte og klassebesøk.

Folkebiblioteket er den einaste kommunale verksemda som har eit særleg ansvar for litteratur og bør vere ein naturleg møteplass for å skape lesekultur. Bibliotektilsette har brei bokkunnskap og stor kompetanse i ulike formidlings-metodar. Dei fysiske biblioteka er lokale møteplassar som kan legge til rette for gode leseopplevingar og gi gratis tilgang til eit bredt utval litteratur. Tiltak som styrkar biblioteka og bygger vidare på den infrastrukturen som allereie ligg klar i kvar kommune, bør vere sentrale i arbeidet med strategien. Her ligg både tilstrekkeleg grunnbemanning i bibliotek, styrking av skolebibliotek, moglegheit for å oppdatere kompetanse og tilstrekkeleg bokbudsjett/innkjøpsordningar.

Barn som skal bli gode lesarar treng tilgang til eit mangfald av ny og attraktiv litteratur. Litteratur kostar pengar og folkebibliotek og skolebibliotek må bli tilført tilstrekkelege ressursar for å kunne ha eit breitt utval litteratur i ulike format til heile befolkninga og kunne drive aktiv formidling tilpassa den enkelte.

3. Støtt opp om det vi veit verkar! Vellukka tiltak bør styrkast og vidareutviklast.

Sommarles er ein nasjonal kampanje driven av alle fylkeskommunane i fellesskap. Sommarles er med på å gjere lesing «kult» og skaper ei ramme som kan brukast i ei rekke ulike formidlingsopplegg i både skole og bibliotek. Sommarles har potensiale til å nå ALLE barn frå 1. til 7. klasse. Kampanjen bidrar også til å bygge bru mellom bibliotek, skole og heim, og er eit godt utgangspunkt for å styrke samarbeidet og samspelet mellom desse. Konseptet kan utviklast til å gjelde både barnehage og ungdomsskole og til å stimulere til leselyst gjennom heile året, ikkje berre i sommarperioden.

Det å kunne finne rett bok til rett lesar på rett tidspunkt er ein føresetnad for å kunne få gode leseopplevingar og vekke leselysta. Biblioteka har utvikla metodar som nettopp dyrkar det gode møtet med boka og legg til rette for inkluderande lesefellesskap. Gode eksempel er Lesersørvis, Lesersørvis til barn og Shared Reading. Her er det behov for kompetanseheving og ei vidareutvikling av konseptet slik at metodikken kan implementerast i alle folkebibliotek som ønsker å ta dette i bruk.

Møre og Romsdal fylkeskommune vil peike på følgjande eksempel som bidrar til å auka leselyst:

Høgtlesing og lesefellesskap

Høgtlesing kan vere ein nøkkel til leselyst og ein inngang til nye leseoppdagingar, og må ikkje vere avgrensa til små barn som ikkje enno kan lese sjølv. Det bør oppfordrast til å lese høgt både heime, i

barnehage, skole og bibliotek. Erfaringar frå prosjektet «Litterære pusterom – Shared Reading for større livskvalitet», som Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennomført i samarbeid med Trøndelag fylkeskommune, har vist oss at høgtlesing er svært givande å oppleve for menneske i ulike aldrar og livssituasjonar. Slike delte leseopplevingar opnar opp for undring, refleksjon og gode samtalar i kvardagen, og kan bidra til auka livskvalitet.

Rollemodellar, engasjerte formidlarar, forfattarmøte og arrangement

Viss vi meiner at lesing er viktig og verdifullt, må vaksne vise at dei verdset eiga lesing. Lesande forbilde – anten det er foreldre, lærarar, bibliotekarar eller andre – må formidle eiga leseglede og framsnakke lesing. God og aktiv formidling av litteratur i bibliotek, skole og barnehage er med på å heve lesinga si betydning. Å treffe ein ekte forfattar eller høyre dei gode livsforandrande historiene om møte med boka, bidrar til engasjement, nysgjerrigheit og interesse.

Litteraturhus i Møre og Romsdal er ein viktig arena for slike møte. Alle folkebiblioteka i fylket er lokale arrangørar, medan Bjørnsonfestivalen og Nynorsk kultursentrum, dei to største aktørane i fylket innan litteraturformidling, programmerer og administrerer tilbodet. For Møre og Romsdal fylkeskommune er det turnerande litteraturhuset ei stor satsing på levande litteraturformidling, som når innbyggjarar, både barn og vaksne, i sjølv dei minste kommunane.

Rett bok til rett lesar

Leselyst oppstår med dei gode leseopplevingane. Det å finne rett bok til rett lesar på rett tidspunkt, er oppskrifta på livslang leseglede. Dette føreset kompetent formidling og tilgang på nytt, freistande lesestoff tilpassa den enkelte sitt nivå, interesser, språk og ferdigheiter. Lesarsørvis til vaksne og barn er ein metode utvikla av biblioteka for å matche bok og lesar. Attraktiv litteratur på eige språk, med særleg vekt på nynorsk og samiske språk, bidrar til eiga identitetsutvikling og språkutvikling og stimulerer til lesing. Litteratur må vere enkelt tilgjengeleg i ulike format, lydbok er også lesing!

Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker også å spele inn følgende:

For at barn og unge skal bli betre lesarar må vi skape ein sterk lesekultur der både barn og vaksne les meir. Å legge til rette for lesing i alle ledd, er ein føresetnad for å lukkast. Vaksne som les og formidlar gleda og opplevingane dette gir dei påverkar barn og unge sine haldningar til lesing. Entusiasme smittar. Når lesekulturen er sterk, vil også dei som strevar med lesing lese meir, med dei fordelane dette gir for den enkelte og for samfunnet som heilskap.

Aktørar som skole, barnehage og folkebibliotek må samarbeide og dra nytte av kvarandre sin kompetanse, og det må til ei samla satsing på bibliotek og lesefremmande tiltak. Biblioteka si oppgåve er å gjere det enkelt å finne fram til dei gode leseopplevingane gjennom formidling og lett tilgang til lesestoff. Folkebiblioteka har bøkene og kunnskapen som skal til for å formidle leselyst. Fylkeskommunen skal som regional utviklar ha oversikt og bidra til systematisk samarbeid mellom alle typar bibliotek og andre aktørar. På denne måten kan det bli skapt gode arenaer for formidling og lesing.

Møre og Romsdal fylkeskommune har eit ønske om at den komande leselyst-strategien blir sendt på høyring for å sikre brei forankring.

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
kulturdirektør

Åshild Widerøe
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur